

<b>Kartblad 1514 III</b>						
Oppslagsnr	Løpenr	Skrivemåte off. i dag	Forslag	Vedtak	Namne-objekt	Merknad
670662	1	Sponshov	Sponshov	<b>Vedtak:</b> <b>Sponshov</b>	Seter/støl	<p><b>Uttale:</b> Namnet har uttalen /spò`nshòv/ i heradsregisteret. På same staden står det at «Namnet Sponshov tyder eit hov.»</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> I fyrste utgåva av økonomisk kartverk frå 1968 og i kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Sponshov</i> nytta i utgåvene frå 1952, 1970 og 2006, medan <i>Spunshov</i> er nytta i utgåva frå 1991.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Sponshov</i>. I brev frå Johan Vaa datert 13.06.2007 står det at «I høve den klassiske feilen bunden/ubunden form har me desse rettingane: Lauvhov, Sponshov, Tverrakvålen.»</p> <p><b>Tilrådinga:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sponshov</i> i samsvar med uttalen i heradsregisteret og lokale ynske.</p> <p><b>Vurdering:</b> Namnet er skriva i ubunden form i Norge 1:50 000 og samsvarer med uttaleopplysingane i heradsregisteret. Skrivemåten <i>Sponshov</i> vert fastsett som skrivemåte i samsvar med lokale ynske, skriftradisjonen, uttaleopplysingane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn.</p>
<b>Kartblad 1515 III</b>						
308489	2	Skvetta	Skvæta	<b>Vedtak:</b> <b>Skvæta</b>	Elv	<p><b>Uttale:</b> Namnet er ikkje registrert i heradsregisteret. I boka Norske Elvenavne (Oluf Rygh 1904, s. 231) er namnet Skvetta med uttalane /skvæ`ta/ og /skvæ`ttå/ registrert. Namnet er forklart som skvetta (òg skvæta) 'stenke, småregne'.Skriftradisjon: Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Skvetta</i>. I kartserien Norge 1:50 000 nyttast skrivemåten <i>Skvetta</i> i alle utgåver frå 1970 2006.</p>

						<p><b>Høyringsvar:</b> Hardanger Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Skvæta</i>. I brev frå Johan Vaa datert 13.06.2007 står det at «Skvettehytta , og Skvetta, skal i staden skrivast Skvætehytta og Skvæta. Lokal uttale er heilt stød på dette.»</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skvæta</i> ut frå den historiske forma og lokale ynske.</p> <p><b>Vurdering:</b> I § 4 første ledd i lov om stadnamn kjem det fram at «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk.» Kartverket sluttar seg difor til Språkrådet si tilråding og vedtar skrivemåten <i>Skvæta</i> i samsvar med uttaleopplysningane, lokale ynske og namnets opphav, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn.</p>
915512	3	Skvettehytta - Nordvollen (undernamn)	Skvætehytta	<b>Vedtak:</b> <b>Skvætehytta</b>	Fritidsbustad	<p><b>Uttale:</b> jf. løpenummer 2.Skriftradisjon: Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar namnet <i>Nordvollen</i>. I kartserien Norge 1:50 000 er fritidsbustaden registrert med namnet <i>Nordvollen</i> i utgåvene frå 1970, 1993 og 2006, medan namnet <i>Skvettehytta</i> er nytta i utgåva frå 1994.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer dette namnet, men med skrivemåten <i>Skvætehytta</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skvætehytta</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> jf. vurderinga på løpenummer 2. Skrivemåten <i>Skvætehytta</i> vert fastsett som skrivemåte (hovudnamn) og</p>

Vedtak i namnesak 2014/01 Del 2 – stadnamn på Hardangervidda

						skrivemåten <i>Nordvollen</i> vert fastsett som undernamn, i samsvar med lokale ynske skriftradisjonen, uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn.
671594	4	Sandhylslækja	Sandhylslækjun	<b>Vedtak:</b> <i>Sandhylslækjun</i>	Botn	<p><b>Uttale:</b> Namnet er ikkje registrert i heradsregisteret med denne samansetjinga, men registeret inneheld namneledda /sa`ndhýl-/ og /-slæ:Kunə/, /-slækjunne/, /slæ: `Kun/.Skriftradisjon: Namnet førekjem ikkje i fyrste utgåva av Norge 1:50 000, men er skrive <i>Sandhylslækja</i> i utgåvene frå 1984-2013.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Sandhylslækjun</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sandhylslækjun</i> i samsvar med lokale ynske.</p> <p><b>Vurdering:</b> I brev frå Johan Vaa datert 29.05.2007 kjem det fram at «Det er skrive Sandhyslekjun, meir uttalerett, og i samsvar med skrivemåte på andre kartblad, vil vera å skrive Sandhylslækjun.» Skrivemåten <i>Sandhylslækjun</i> vert fastsett som skrivemåte etter § 4 i lov om stadnamn i tråd med uttalen, Språkrådet si tilråding og lokale ynske. <i>Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn punkt 4.3.3</i> opnar for bruk av -un i fleirtal av hokjønnsord i samsvar med uttalen.</p>
3994	5	Beru-hallet	Beruhalli	<b>Vedtak:</b> <i>Beruhalli</i>	Li	<p><b>Uttale:</b> Språkrådet skriver i si tilråding at «etterleddet har uttale med -e/ i tilsvarande namn.»Skriftradisjon: Namnet er skrive <i>Beru-Hallet</i> i Norge 1:50 000 i utgåva frå 1971, og <i>Beruhallet</i> i utgåvene frå 1994, 1995 og 2007.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten</p>

						<p><i>Beruhalli</i>. Johan Vaa skriv i brev datert 04.06.2007 at «-hall finst i fleire namn. Målføret har dette som eit hokjønnsord, på kartet er og skrive Skreduhalli og Krosshallene. Då må ein og rette til Beruhalli.»</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Beruhalli</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Språkrådet skriv at i-ending er eldre normeringspraksis, og Vinje har denne endinga i ein del av heradet. Dette vert stadfest av Sentralt stadnamnregister (SSR), der me ser at det er normeringspraksis for bruk av etterlekken -<i>halli</i> i andre naturnamn i Vinje kommune. Skrivemåten <i>Beruhalli</i> vert fastsett som skrivemåte etter § 1 første ledd og § 4 første ledd i lov om stadnamn i tråd med Språkrådet si tilråding og lokale ynske.</p>
125548	6	Reinekvommi Reinekvam	Reinekvåmmi	<b>Vedtak:</b> <b>Reinekvåmmi</b>	Seter/støl	<p><b>Uttale:</b> Heradsregisteret har uttalane /rei`nekvåmmé/, /rei`nøkvåmme/. Skrifttradisjon: Skrivemåten <i>Reinekvommi</i> er nytta i økonomisk kartverk frå 1970. I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Reinekvam</i> nytta i utgåvene frå 1971, 1994 og 1995, mendan skrivemåten <i>Reinekvommi</i> er nytta i utgåva frå 2007.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Reinekvåmmi</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår <i>Reinekvåmmi</i> samsvar med uttalane i heradsregisteret, og skriv samstundes at «Etterleddet -<i>kvåm</i> er ei dialektform av norrønt <i>hvammr</i>, og er godteken som normeringsform.»</p> <p><b>Vurdering:</b> jf. vurderinga på løpenr. 5 for endinga med -i. Kartverket sluttar seg difor også til Språkrådets vurdering når</p>

Vedtak i namnesak 2014/01 Del 2 – stadnamn på Hardangervidda

						det gjeld etterlekkjen <i>-kvåm</i> , og vedtar skrivemåten <i>Reinekvåm</i> i samsvar med Språkrådet si tilråding og lokale ynske.
<b>Kartblad 1514 IV</b>						
186715	7	Åstaulen	Åstaul	<b>Vedtak:</b> <b>Åstaul</b>	Setervoll	<p><b>Uttale:</b> Namnet er registrert med uttalen /ǎ stòul/ i heradsregisteret. Skriftradisjon: I Norge 1:50 000 er skrivemåtane <i>Åstaul</i> (i utgåva frå 1952) og <i>Åstaulen</i> (i utgåva frå 1984, 1993, 2004 og 2013) nytta.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Åstaul</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Åstaul</i> i ubunden form i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregisteret.</p> <p><b>Vurdering:</b> Ved søk i SSR kan vi sjå at det er normeringspraksis for etterlekkjen <i>-staul</i> og <i>-staulen</i> i Vinje kommune. I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande om grammatisk ending i stadnamn: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Skrivemåten <i>Åstaul</i> vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
3331	8	Vesle Kvikkevatn Vesle Kvikkevatnet		<b>Vedtak:</b> <b>Vesle Kvikkevatn</b>	Vatn	<p><b>Uttale:</b> I tilrådinga frå Språkrådet kjem det fram at «Namnet har ubunden både i heradsregisteret og hos Venås. Namnet har ikkje utmerkingsledd hos Venås. I heradsregisteret er <i>Kvikkevatn</i> registrert fire gongar utan utmerkingsledd og ein gong som</p>

						<p>/ves`lɔkvikkɔvat'n/. "Skrifttradisjon: Skrivemåten <i>Vesle-Kvikkevatn</i> er brukt i økonomisk kartverk frå 1970. Namnet førekjem ikkje i fyrste utgåva av kartserien Norge 1:50 000 frå 1952, men i utgåva frå 1984, 1993 og 2004 er skrivemåten <i>vesle Kvikkevatnet</i> nytta, og i utgåva frå 2013 finn me skrivemåten <i>vesle Kvikkevatn</i>.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåtane <i>vesle Kvikkevatn</i> og <i>Vesle Kvikkevatn</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Vesle Kvikkevatn</i> i ubunden form, i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregisteret. Dei skriv «Utmerkningsleddet må skrivast med stor V i samsvar med norske rettskrivingsreglar.»</p> <p><b>Vurdering:</b> Jf. vurderinga på løpenr. 1. Namnet er skriva i ubunden form i økonomisk kartverk frå 1970 og i utgåva frå 2013 av Norge 1:50 000, og samsvarer med uttaleopplysningane i heradsregisteret og hjå Venås. Kartverket er samde med Språkrådet i at utmerkningsleddet må skrivast med stor V i samsvar med konvensjonane for normering av stadnamn. Skrivemåten <i>Vesle Kvikkevatn</i> vert fastsett som skrivemåte i samsvar med lokale ynske, uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
64318	9	Bosshovd	Boshovd	Vedtak: <b>Boshovd</b>	Fritids- bustad	<p><b>Uttale:</b> Namnet har uttale med lang vokal i heradsregisteret (/bo`shovd/, /bo:s`hovda/) og hos Venås (boka <i>Innsjønamn i Telemark</i>) (/bo:shovdKønni/). Som moglege tolkingar av forleddet har Venås genitiv av ordet <i>botn</i>, <i>bos(s)</i> 'sengehalm; avfall' eller <i>bose</i> 'stump, stort stykke; kraftig kar'. Skrifttradisjon: I kartserien Norge 1:50 000 er namnet skriva <i>Bosshovd</i> i utgåvene frå 1984-2004. Namnet førekjem ikkje i utgåvene frå 1952 og 2013.</p>

						<p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten Boshovd.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet skriv at ut frå uttalen så bør namnet skrivast med enkel konsonant i forleddet. Sidan bruken av bunden/ubunden form er vaklande, tilrår dei skrivemåten <i>Boshovd</i> i ubunden form i samsvar med lokale ynske.</p> <p><b>Vurdering:</b> jf. vurderinga på løpenr. 1 og 2. Skrivemåten <i>Boshovd</i> vert fastsett i samsvar med lokale ynske og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn.</p>
671347	10	Fallbrotdalen	Fallbrodalen	<b>Vedtak:</b> <b>Fallbrodalen</b>	Dal	<p><b>Uttale:</b> I heradsregisteret er uttalene /fall`broda:l'n/ og /fa`llbro:da:løn/ registrert.Skrifttradisjon: Økonomisk kartverk frå 1970 nyttar skrivemåten <i>Fallbrotdalen</i>. I Norge 1:50 000 er skrivemåtane <i>Fallbrodalen</i> (i utgåva frå 1952) og <i>Fallbrotdalen</i> ( i utgåvene frå 1984-2013) nytta.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, avdeling Vinje v/Johan Vaa og rådmannen ynskjer skrivemåten <i>Fallbrodalen</i>. I brev frå Johan Vaa datert 12.06.2007 kjem det fram at «Eit ugreitt namn, både når det gjeld tyding og skrivemåte er Fallbrotdalen. Lokal uttale er utan t, og med open o, som i sol, altså klart annleis enn i t.d. Hokkebrot. At ein t blir oppeten av ein etterfylgjande d er naturleg, men ikkje at vokalen skifter. Såleis meiner eg at dette bør skrivast uttalerett, Fallbrodalen.»</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fallbrodalen</i> i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregisteret.</p> <p><b>Vurdering:</b> Skrivemåten <i>Fallbrodalen</i> vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn.</p>